

## **Notification of meeting: Programme board meeting for the Bachelor programme in Chinese**

Time: Wednesday, Nov. 26. at 14.15

Place: Room 222, HF

Attending: Shouhui Zhao, Hilde Elin Haaland-Kramer, Hild Meland Rød, Trude Brandal (student), Aadne Ore (student). Benedicte Mosby Irgens is out of office on Wed. the 26<sup>th</sup> of November.

### **Agenda**

#### **1. Approval of the notification of meeting and today's agenda**

#### **2. Discussion and feedback: courses, textbooks and learning outcome**

- a. *Feedback on teachers* More teachers to break monotony? Teaching approaches/ styles (oral/aura, reading and writing, more interactive and communicative).
- b. *Learning outcome* – Chinese character (prescriptive/descriptive) and focus: subject knowledge/ language skills.
- c. *Textbooks* Difficulty levels, script centric/ flexible-introducing more materials beyond textbook, assessment (format and frequency, procedure/end result) and class management (attendance).
- d. *Course plan for new enrolment* (the plan will be sent by mail before the meeting).
- e. Other concerns, proposals and suggestions.

#### **3. Orientation items**

- a. New names on the programme board.
- b. Study plan for the Bachelor programme in Chinese. See appendix 2.
- c. Overseas study (leaving semester, period, group/individual): Survey for in-country study plan. See appendix 3.

### **Appendix**

- App. 1: Course plan
- App. 2: Study plan for the Bachelor programme in Chinese.
- App. 3: Survey for in-country study plan.

Best regards,

Shouhui Zhao  
Programme Coordinator

Hild Meland Rød  
Administrative Coordinator

Studieplan for Bachelorprogram i kinesisk  
Bachelorprogram i kinesisk  
Bachelor's Programme in Chinese

Godkjenning:

Studieplanen er godkjend av:

Universitetsstyret: .....(dd.mm.år)

Programstyret: .....(dd.mm.år)

Humanistisk fakultet: .....(dd.mm.år)

Studieplanen vart justert: 05.09.14 (UUI)

Evaluering:

Studieprogrammet vart sist evaluert: mnd år (programsensorrappport)

Neste planlagde evaluering: Innan 31.12.2017

# Studieplan for Bachelorprogrammet i kinesisk

Krav til studieplanar for studieprogram går fram av:

- §7-2 i Forskrift for tilsyn med utdanningskvalitet i høyere utdanning (studietilsynsforskriften), NOKUT 2013 (FOR 2013-02-28 nr 237) <http://link.uib.no/?21Vcl>
- Kapittel 3 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen, (Studieforskrifta), UiB, 2012, <http://link.uib.no/?1cqcv>

Språkvaska august 2014.

Kategori	Tekst
Namn på studieprogrammet, nynorsk	Bachelorprogram i kinesisk
Navn på studieprogrammet, bokmål	Bachelorprogram i kinesisk
Name of the programme of study, English	Bachelor's programme in Chinese
Namn på grad Name of qualification	Bachelor i kinesisk
Omfang og studiepoeng ECTS credits	Bachelorprogrammet i kinesisk har eit omfang på 180 studiepoeng og er normert til 3 år.
Fulltid/deltid Full-time/part-time	Fulltid
Undervisningsspråk Language of instruction	Undervisningsspråket på kinesiskemna er kinesisk og norsk/engelsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiestart - semester Semester	Hautst. <b>Det er opptak berre annakvart år. Neste opptak er hausten 2015.</b>
Mål og innhald Objectives and content	<p>Kina er i dag ei økonomisk og politisk stormakt som ikkje berre spelar ei viktig rolle i sin eigen region, Aust-Asia, men òg i ein global samanheng. Som historisk sentrum i den øst-asiatiske sivilisasjonen er kinesisk kultur på mange måtar svært ulik vår eigen. Gjennom studiet av kinesisk møter studenten ei ny og fascinerande verd, der kjente element eksisterer i ein framandkulturell kontekst.</p> <p>Som tale- og skriftspråk for 1,3 milliardar menneske er kinesisk det mest talte morsmålet i verda, og det dannar ein naturleg innfallspor til ein kulturkrets der gammalt og nytt lever side om side. Store mengder ny informasjon kan verta tilgjengeleg for dei som lærer å kjenna kinesisk språk og kultur, og kjennskap til kinesisk ordforråd og skriftteikn er også til stor hjelp når ein skal lære japansk eller koreansk. Kinesisk skil seg frå vestlege språk på ein rekkje punkt, og det er både utfordrande og spennande å få innsikt i det kinesiske skriftuniverset. Det blir òg lagt vekt på praktisk meistring av moderne kinesisk språk, der studenten får</p>

	<p>intensiv trening i å snakke, forstå, lese og skrive kinesisk. Studenten får elles grunnleggjande kunnskapar om historie, samfunnstilhøve og kultur, samt moglegheit for fordjuping i eit Kina-relatert tema.</p> <p>Hovudvekta i studiet vert lagd på språktileigning og språkforståing. Kinesisk er eit tidkrevjande språk å lære i forhold til nære europeiske språk, ikkje minst grunna skriftsystemet. Det er derfor viktig å ha eit realistisk bilete av oppnåeleg språknivå. Etter eit års studium skal studentane vera i stand til å halda enkle samtalar om avgrensa tema og skriva enkle stilar ved hjelp av ordbok. Etter to år opplever mange at dei har eit større passivt vokabular og teiknforråd, men at dei framleis ikkje meistrar naturleg samtale. Vi oppmodar difor studentane til å nytta seg av UiB sine utvekslingsavtaler i løpet av studiet, for å få den rette balansen mellom teoretiske og praktiske språkkunnskapar. Ved å studere ved eit kinesisk universitet, kan ein også følgje kurs over eit breitt spekter av kultur- og samfunnsrelaterte tema.</p>
<p><b>Læringsutbyte</b> Required learning outcomes</p>	<p>Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p><b>Etter fullført studium:</b></p> <p><u>Kunnskapar</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- har grunnleggjande kunnskapar i kinesisk grammatikk og lydlære.</li> <li>- har tileigna seg vokabular og grammatiske former på mellomnivå.</li> <li>- har grunnleggjande kunnskap om kinesisk samfunn og historie.</li> </ul> <p><u>Dugleik:</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan lese nærmare 1000 skriftteikn og skrive over 500.</li> <li>- kan halde enkle samtalar om avgrensa tema i rolig tempo.</li> <li>- kan skrive enkle stilar ved hjelp av ordbok.</li> <li>- kan omsetje enkle tekster frå kinesisk til engelsk.</li> <li>- kan lese Kina-relaterte engelskspråklige tekstar med kritisk og kunnskapsbasert blikk, samt sjølv leite fram seriøse kjeldelitteratur og produsere akademisk tekst om ei formulert Kina-relatert problemstilling.</li> </ul> <p><u>Generell kompetanse:</u> Kandidaten</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kan kommunisere på kinesisk på mellomnivå.</li> <li>- har innsikt i relevante kinesiske problemstillingar.</li> <li>- kan planleggje og gjennomføre ei analytisk og kritisk prosjektoppgåve som strekkjer seg over tid, og som er i tråd med etiske krav og retningsliner.</li> </ul>

	- kan vidareutvikle kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
<b>Opptakskrav</b> Admission requirements	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
<b>Tilrådde forkunnskapar</b> Recommended previous knowledge	Ingen.
<b>Innføringsemne</b> Introductory courses	Første semester i bachelorprogrammet i kinesisk inneheld 30 studiepoeng, og er sett saman av: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Examen philosophicum (10 stp.)</li> <li>• Examen facultatum (10 stp.)</li> <li>• <u>ASIA100</u> Kultur, språk og historie i Øst-Asia (10 stp.)</li> </ul> Examen facultatum inneber eit val mellom emna Språk og kommunikasjon eller Tekst og kultur. Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd. <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 10 studiepoeng examen philosophicum og 20 studiepoeng examen facultatum.</p>
<b>Obligatoriske emne / spesialisering</b> Compulsory units	Bachelorprogrammet i kinesisk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalde inntil 20 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil., ex.fac.), ASIA100 og 90 studiepoeng med spesialisering i kinesisk. Dei siste 60 studiepoenga er frie. <p>I bachelorprogram i kinesisk vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalde KIN101, KIN102, KIN103, KIN104, KIN201 og KIN251. KIN251 tilfredsstillar gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jf. <i>Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet</i>.</p>
<b>Tilrådde valemne</b> Recommended electives	Bachelorprogrammet i kinesisk inneheld 60 frie studiepoeng. Studenten kan velje emne innanfor skulefag, språkfag, historie- og kulturfag, estetiske fag eller andre fag som er relevante for studenten si vidare utdanning eller yrkesplanar. <p>Instituttet tilrår utvekslingsopphald ved eit kinesisk universitet. Til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utveksling ½ semester (15 stp.)</li> <li>- Utveksling 1 semester (30 stp.)</li> <li>- Utveksling 2 semester (60 stp.)</li> </ul>
<b>Rekkefølge for emne i studiet</b> Sequential requirements, courses	Tilrådd rekkjefølgje for emne i studiet: <p>1. semester (H): Ex.phil. og ex.fac. og ASIA100 (30 stp)</p> <p>2. semester (V): KIN101 Innføring i kinesisk språk 1 (15 stp) KIN102 Kinesisk språk 2 (15 stp)</p> <p>3. semester (H): KIN103 Kinesisk språk 3 (15 stp) KIN104 Kinesisk språk 4 (15 stp)</p>

	<p>4. semester (V): KIN201 Kinesisk språk 5 (15 stp) KIN251 Kina: Kultur og samfunn med bacheloroppgåve (15 stp)</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp)</p> <p>6. semester (V): Frie studiepoeng eller delstudium i utland (30 stp)</p> <p>Studentar kan sjølv velje om dei vil følgje det tilrådde løpet eller om dei vil byte om på rekkjefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Ein må då vere merksam på at kinesiskemna har faste undervisningssemester. Det er tilrådd at ein fullfører 100-nivå i kinesisk før ein tek fatt på 200-nivå.</p>
<b>Krav til progresjon i studiet</b> Progression requirements	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
<b>Delstudium i utlandet</b> Study period abroad	<p>Det blir sterkt tilrådd at studentane i løpet av studiet har eit opphald i Kina. Universitetet i Bergen har avtalar med fleire kinesiske universitet. Eit delstudium kan til dømes vere ein del av dei frie studiepoenga på bachelorprogrammet i kinesisk. Emna ein vel må godkjennast på førehand av UiB.</p> <p>Det er tilrådd å kontakte og samtale med studierettleiar eller ein fagperson i planlegginga av delstudium i utlandet.</p> <p><i>Hugs søknadsfristen 1. februar for utreise påfølgande haust- og vårsemester</i></p> <p>Les meir om utveksling <a href="#">her</a>.</p>
<b>Undervisningsmetodar</b> Teaching methods	Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes førelesingar, seminar- og gruppeundervisning, individuell rettleiing og lydlab/videoframsying. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
<b>Vurderingsformer</b> Assessment methods	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
<b>Litteraturliste</b> Reading list	Litteraturliste finn du på Mi side. Lista vil vere klar innan 01.06 / 01.12 for det komande semesteret.
<b>Karakterskala</b> Grading scale	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) A-F, der F er stryk</li> <li>2) Greidd/ikkje greidd</li> </ol> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>

<b>Kompetanse for vidare studium</b>	
<b>Vitnemål og vitnemålstillegg</b> Diploma and Diploma Supplement	Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført.
<b>Grunnlag for vidare studium</b> Access to further studies	Ein bachelorgrad i kinesisk frå UiB gjer det mogleg å søkje opptak ved masterstudium ved internasjonale utdanningsinstitusjonar. Det er i dag ikkje mogleg å ta ein mastergrad i kinesisk ved UiB, men eit slik tilbod er under utvikling. Dersom det vert mogleg å ta ein mastergrad i kinesisk ved UiB eller ved andre lærestader i Noreg, vil det bli lagt ut informasjon om det på universitetet sine nettsider.  Studenten kan òg nytte sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning.
<b>Relevans for arbeidsliv</b> Employability	Blant yrkesgrupper der kompetanse i kinesisk og kjennskap til Kina er nyttig, kan nemnast næringsliv (til dømes turistnæringa, fiskeeksport) og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, forskning, presse og media. Kandidatar med kinesisk er òg å finne i utanrikstenesta, eller dei er sysselsette med bibliotekarbeid eller omsetjingsoppgåver.  For å kunne bruke kinesisk aktivt i jobbsamanheng er lengre opphald i Kina undervegs i, eller etter studiet, naudsynt.
<b>Evaluering</b> Evaluation	Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no
<b>Skikkaheit og autorisasjon</b> Suitability and authorisation	Ikkje relevant.
<b>Programansvarleg</b> Programme committee	Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.
<b>Administrativt ansvarleg</b> Administrative responsibility	Det humanistiske fakultet v/ Institutt for framandspråk har det administrative ansvaret for studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b> Contact information	Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: <a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>
<b>Vitnemålstekst</b> Nynorks Bokmål	

## Utdanningsplan for Bachelorprogram i kinesisk

<b>1.SEM</b> haust	EXPHIL EXFAC ASIA100	10 stp 10 stp 10 stp	F F F
<b>2.SEM</b> vår	KIN101 KIN102	15 stp 15 stp	SO SO
<b>3 SEM</b> haust	KIN103 KIN104	15 stp 15 stp	SO SO
<b>4.SEM</b> vår	KIN201 KIN251	15 stp 15 stp	SO SO
<b>5.SEM</b> haust	Frie studiepoeng (Tilrådd utveksling)	30 stp	V
<b>6.SEM</b> vår	Frie studiepoeng (Tilrådd utveksling)	30 stp	V

## Emneomtalar

Emnekode	<b>ASIA100</b>
Emnenamn	Kultur, språk og historie i Øst-Asia
Engelsk emnenamn	Culture, Language and History in East Asia
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk og engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Studiet gir basiskunnskapar i aust-asiatisk sivilisasjonshistorie, med særleg vekt på Kina og Japan. Det vil òg bli gitt introduksjonsførelingar om kinesisk og japansk språk.
Læringsutbyte/resultat	Kandidaten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse: <b>Etter fullført emne:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Generell kompetanse</li> </ul>	<u>Kunnskap</u> Kandidaten



	<p>- har breie realiakunnskapar (geografi, historiske epokar), først og fremst om dei to største nasjonane i Aust-Asia.</p> <p>- har kunnskap om tema som felles verdigrunnlag, historiske og politiske spenningar, samt aktuelle tema om dei moderne samfunna.</p> <p><u>Dugleik</u> Kandidaten</p> <p>- har anten tileigna seg dei to stavelssystema i japansk, eller kinesisk uttale og pinyin-transkripsjon.</p> <p><u>Generell kompetanse</u> Kandidaten</p> <p>- har innsikt i relevante, kulturelle og samfunnsmessige fellestrekk og skilnader mellom dei to største nasjonane i Aust-Asia.</p>
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar, 2 timar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	
Vurderingsformer	Tre timar skriftleg eksamen, som vert arrangert kvart semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum inneheld ei innføringsbok i japanske stavingsssystem og ei innføringsbok i pinyin. Samfunn og historie i den aust-asiatiske regionen vert dekkja av eit pensum på om lag 800 sider.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN101</b>
Emnenamn	Innføring i kinesisk språk 1
Engelsk emnenamn	Chinese Introductory Course
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer grunnopplæring i moderne mandarin. Mandarin er hovudspråket i mellom anna fastlands-Kina og Taiwan, og er inngangsporten til ei av verdas eldste sivilisasjonar. Det er det språket i verda som har flest morsmålsbrukarar. Studentane skal tileigne seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal lære seg god uttale ved hjelp av transkripsjonssystemet Hanyu pinyin, eit grunnleggjande vokabular, samt eit visst tal skrifteikn.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	Etter fullført emne skal studentane kunne lese enkle tekstar og føre ein enkel samtale på mandarin.
Tilrådde forkunnskapar	God dugleik i engelsk
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 10 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjend 75 prosent av dei. Det blir kravd at studentane har 75 % oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet. Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Munnleg prøve på 15-20 minutt.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimediasverky.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN102</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 2
Engelsk emnenamn	Chinese Language 2
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer vidaregåande innføring i moderne mandarin. Studentane skal tileigne seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal tileigne seg eit utvida vokabular og eit visst tal skrifteikn. Emnet gir òg ein praktisk gjennomgang av grunntrekka i grammatikken.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Etter fullført emne skal studentane kunne lese og skrive enkle tekstar, og føre samtalar om daglegdagse tema på mandarin.</p>
Tilrådde forkunnskapar	God dugleik i engelsk. KIN101 eller tilsvarande kunnskapar.
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	<p>Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 10 timar undervisning i uka.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjend 75 % av dei.</p> <p>Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet. Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <p>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik.</p> <p>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</p> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og

	multimediaverkty.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets- sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN103</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 3
Engelsk emnenamn	Chinese Language 3
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>KIN103 byggjer på KIN101 og KIN102 og har vidare begynnarundervisning i og om det kinesiske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk og daglegdags tale. Det er eit tilbod til studentar som ønskjer å lære moderne mandarin over basisnivået.</p> <p>Studentane skal skaffe seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal skaffe seg eit vokabular på 400 ord knytte til daglegliv og universitetskvardag, samt 200 nye skriftteikn. Dei skal òg verte kjende med vanlege sosiale og kulturelle aktivitetar i Kina. Korrekt uttale vert vektlagd.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Studentane skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ha tileigna seg basisvokabular og basisgrammatikk.</li> <li>- ha tileigna seg eit vokabular på 400 ord knytt til daglegliv og 200 nye skriftteikn.</li> <li>- ha kjennskap til daglegliv, skikkar, sedvanar og andre kulturelle aktivitetar i Kina.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	KIN101 og KIN102 eller tilsvarande kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta KIN103 og KIN104 i same semester. God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 8 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har obligatorisk frammøte i undervisninga og jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjent 75 prosent av dei, og vere til stades på 75% av undervisningstimane.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldig i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <p>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og</p>

	<p>skrivedugleik.</p> <p>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</p> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester.</p> <p>Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimedieverkty. Ordbøker og eiga grammatikkbok.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN104</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 4
Engelsk emnenamn	Chinese Language 4
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>KIN104 byggjer på KIN103 og har vidare begynnarundervisning i og om det kinesiske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk og normalt hørleg tale. Dette er eit tilbod til studentar som ønskjer å lære moderne mandarin over basisnivået.</p> <p>Studentane skal skaffe seg praktisk dugleik i moderne mandarin, både skriftleg og munnleg. Dei skal meistre eit vokabular på 700 ord knytte til kvardags- og samfunnsliv, samt 300 skriftteikn. Dei skal òg lære å uttrykkje eigne synspunkt på ulike tema. Korrekt uttale vert vektlagd.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Studentane skal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ha tileigna seg basisvokabular og basisgrammatikk.</li> <li>- ha tileigna seg eit vokabular på 700 ord knytt til kvardags- og samfunnsliv og 300 skriftteikn.</li> <li>- kunne uttrykkje eigne synspunkt på ulike tema.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	KIN103 eller tilsvarande kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta KIN103 og KIN104 i same semester. God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det er om lag 8 timar undervisning i uka.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har obligatorisk frammøte i undervisninga og jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjent 75 prosent av dei, og vere til stades på 75% av undervisningstimane.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester ut over undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik.</li> <li>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</li> </ol>

	<p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok for nybyrjarar med tilhøyrande arbeidsbok, og multimedieverkty. Ordbøker og eiga grammatikkbok.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>



Emnekode	<b>KIN201</b>
Emnenamn	Kinesisk språk 5
Engelsk emnenamn	Chinese Language 5
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	KIN201 byggjer på KIN103 og KIN104 og har undervisning på mellomnivå i og om det kinesiske språket, med lik vekt på munnleg og skriftleg produksjon og forståing.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	Ved kurssets slutt skal kandidaten <ul style="list-style-type: none"> <li>- ha tileigna seg vokabular og grammatikk på mellomnivå.</li> <li>- meistre eit vokabular på ca. 1000 ord knytt til kvardags- og samfunnsliv og nærmare 400-skriftteikn.</li> <li>- kunne uttrykkje eigne synspunkt på ulike tema.</li> </ul>
Tilrådde forkunnskapar	KIN104 eller tilsvarande kunnskapar. God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og samtalegrupper. 6 førelesingar og 2 gruppetimar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette kurset har obligatorisk frammøte i undervisninga og jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunne gå opp til eksamen må studenten levere inn desse oppgåvene og få godkjent 75 % av dei, og vere til stades på 75% av undervisningstimane.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Eksamen består av to delar:</p> <p>1) Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik.</p> <p>2) Ei munnleg prøve på kinesisk.</p> <p>Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester. Skriftleg eksamen tel 60% og munnleg prøve tel 40% når den endelege karakteren vert fastsett.</p> <p>Eksamen vert arrangert kvart semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Tekstbok med tilhøyrande arbeidsbok og multimedieverkty. Ordbøker og eiga grammatikkbok.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.

Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>

Emnekode	<b>KIN251</b>
Emnenamn	Kina: Kultur og samfunn med bacheloroppgåve
Engelsk emnenamn	China: Culture and Society with Thesis
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Kinesisk og norsk/engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi breiddekunnskapar om det kinesiske samfunnet og om korleis det har utvikla seg til ein moderne nasjon. Ein skal òg få ei djupare forståing for einskilde, utvalde tema. Kandidatar vil få trening i kritisk lesing av ulike akademiske tekstar og skrivning av slike.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunnskap</li> <li>• Dugleik</li> <li>• Grunnkompetans</li> </ul>	<p>Kandidaten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:</p> <p><b>Etter fullført emne:</b></p> <p><u>Kunnskap</u> Kandidaten - har fordjupa kunnskapar om enkelttema knytt til det kinesiske samfunnet.</p> <p><u>Dugleikar</u> Studentane skal - kunne delta i norskspråklige diskusjonar om Kina-relaterte tema ved å formulere argument og bidra med relevant kunnskap - kunne lete fram seriøse kjeldelitteratur om bestemte Kina-relaterte tema og angi og bruke dei i samband med oppgåveskriving. - kunne lese akademisk tekst på engelsk eller norsk med kritisk og kunnskapsbasert blikk. - kunne formulere ein problemstilling innanfor eit Kina-relaterte tema, reflektere over omgrep og termar, handsame kjelder, argument og kunnskap og skrive om temaet på ein reflektert og grundig måte. - kunne ta imot og lære av kritiske kommentarar mot eigen tekst både med omsyn til struktur, argumentasjon og formuleringar.</p>
Tilrådde forkunnskapar	God dugleik i engelsk.
Krav til forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> <li>• Type</li> </ul>	Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og seminar. 2 timar per veke i 12 veker, samt 2 timars seminar i kvar

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Timar per veke</li> <li>• Veker</li> </ul>	veke i 6 av dei 12 vekene.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Det er obligatorisk å møte til rettleiing to gonger på semesteroppgåva. Det er også obligatorisk å gje ein 5-10 minutts presentasjon av oppgåva undervegs i semesteret.</p> <p>Dei godkjende arbeidskrava er gyldige i eitt semester ut over undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	Ei rettleidd bacheloroppgåve på 10-15 A4-sider med fastsett eller sjølvvalt emne. Eksamen vert arrangert kvart semester. Det vert ikkje gitt rettleiing i semester utan undervisning.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av artklar frå bøker og tidsskrift som er eigna til diskusjon og framføring av argumentasjon.
Undervisningsstad	Universitetet i Bergen.
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	<a href="mailto:studierettleiar@if.uib.no">studierettleiar@if.uib.no</a>